

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 900/2009

2015/EØS/18/35

av 25. september 2009

om godkjenning av selenmetionin framstilt av *Saccharomyces cerevisiae* CNCM I-3399 som tilsetjingsstoff i fôrvarer(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1831/2003 av 22. september 2003 om tilsetningsstoffer i fôrvarer⁽¹⁾, særleg artikkel 9 nr. 2, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Forordning (EF) nr. 1831/2003 inneheld føresegner om godkjenning av tilsetjingsstoff i fôrvarer og om vilkår og framgangsmåtar for å gje slik godkjenning.
- 2) I samsvar med artikkel 7 i forordning (EF) nr. 1831/2003 er det sendt inn søknad om godkjenning av det preparatet som er oppført i vedlegget til denne forordninga. Saman med søknaden var òg dei opplysningane og dokumenta sende inn som krevst i medhald av artikkel 7 nr. 3 i forordning (EF) nr. 1831/2003.
- 3) Søknaden gjeld godkjenning i kategorien «ernæringsmessige tilsetjingsstoff» av preparatet selenmetionin framstilt av *Saccharomyces cerevisiae* CNCM I-3399 som tilsetjingsstoff i fôrvarer for alle artar.
- 4) I fråsegna si av 5. mars 2009⁽²⁾ slo Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik (heretter kalla «Styresmakta») fast at selenopprikt gjær, hovudsakleg selenmetionin, frå *Saccharomyces cerevisiae* CNCM I-3399, ikkje har nokon skadeverknad på dyrehelsa,

menneskehelsa eller miljøet, og at bruken av preparatet kan reknast som ei kjelde til biotilgjengeleg selen og oppfyller kriteria for eit ernæringsmessig tilsetjingsstoff for alle artar. Styresmakta reknar ikkje at det er naudsynt med særlege krav om overvaking etter marknadsføring. Ho stadfesta dessutan den rapporten om metoden for analyse av tilsetjingsstoffet i fôrvarer som er lagd fram av referanselaboratoriet til Fellesskapet, som vart skipa ved forordning (EF) nr. 1831/2003.

- 5) Vurderinga av preparatet viser at dei vilkåra for godkjenning som er fastsette i artikkel 5 i forordning (EF) nr. 1831/2003, er oppfylte. Bruken av preparatet bør difor godkjennast slik det er fastlagt i vedlegget til denne forordninga.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Preparatet som er ført opp i vedlegget og tilhøyrrer kategorien «ernæringsmessige tilsetjingsstoff» og funksjonsgruppa «sambindingar av mikronæringsstoff», vert godkjent som tilsetjingsstoff i fôrvarer på dei vilkåra som er fastsette i vedlegget.

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunnjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 25. september 2009.

For Kommisjonen

Androulla VASSILIOU

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunnjort i EUT L 256 av 29.9.2009, s. 12, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 22/2010 av 12. mars 2010 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 30 av 10.6.2010, s. 15.

⁽¹⁾ TEU L 268 av 18.10.2003, s. 29.

⁽²⁾ *The EFSA Journal* (2009) 992, s. 1-24.

VEGLEGG

Identifikasjons- nummeret til tilsetjings- stoffet	Namnet til innehavaren av godkjenninga	Tilsetjingsstoff	Samansetnad, kjemisk formel, forklaring, analysemetode	Dyreart eller dyregruppe	Høgste alder	Lågste innhald	Høgste innhald	Andre føresegner	Godkjenninga gjeld inntil
						Høgste innhald av grumstoffet (Se) i mg/kg fullfør med eit vassinnhald på 12 %			
Kategori: ernæringsmessige tilsetjingsstoff. Funksjonsgruppe: sambindingar av mikronæringsstoff.									
368.12	—	Selenmetionin Selenmetionin framstilt av <i>Saccharomyces cerevisiae</i> CNCM I-3399 (inaktivert selenopprikt gjær)	Karakteristikk av tilsetjingsstoffet: Organisk selen, hovudsakleg selenmetionin (63 %), med eit innhald på 2 000-2 400 mg Se/kg (97-99 % organisk selen) Karakteristikk av det aktive stoffet: Selenmetionin framstilt av <i>Saccharomyces cerevisiae</i> CNCM I-3399 (inaktivert selenopprikt gjær) Analysemetode ⁽¹⁾ : Atomabsorpsjonsspektro-metri (AAS) med grafitomn (Zeeman) eller hydrid- AAS	Alle artar	—		0,50 (i alt)	1. Tilsetjingsstoffet skal tilsetjast fôrblendingar som ein premiks. 2. Brukartryggleik: pustevern, verne- briller og hanskar ved handtering.	19.10.2019

⁽¹⁾ Nærmare opplysningar om analysemetodane er å finne på nettsidaen til referanselaboratoriet til Fellesskapet: www.irmm.jrc.be/crl-feed-additives